Kapittel 4 Korleis studere endring i frammarsj?[33]

4.0 Innleiing

Denne studien av dialektnivellering på Røros og Tynset baserer seg, som nemnt i kapittel 1, på hypotesen om at diakrone endringar kan avlesast synkront ved å sjå på forskjellen mellom eldre og yngre språkbrukarar (den såkalla "apparent time"-hypotesen). Denne hypotesen aktualiserer spørsmålet om dei endringane ein registrerer er "verkelege" generasjonsendringar eller om dei er såkalla livsfaseendringar, dvs. endringar som er knytte til visse livsfasar eller aldersgrupper.

I dette kapittelet vil eg ta opp forholdet mellom synkrone generasjonsstudiar og diakrone endringsstudiar, og ulike metodiske problemstillingar knytte til synkrone generasjonsstudiar. Under dette vil altså særleg fenomenet "age grading", på norsk *alders-avgrensing* eller *livsfaseendring*, og korleis livsfaseendring verkar inn på ulike typar innovasjonar, bli diskutert. Spørsmålet er om problemet med livsfaseendring i synkrone generasjonsstudiar er like stort ved innovasjonar som primært er språkeksternt motiverte, slik innovasjonane i mi gransking først og fremst må kunne seiast å vere, som ved innovasjonar som primært er språkinternt motiverte (men merk problematiseringa av skiljet mellom intern- og eksternspråkleg, kap. 3, pkt. 3.1.2).

Som utgangspunkt for diskusjonen vil eg presentere nokre døme på systemeksternt motiverte innovasjonar frå mitt eige materiale. Dessutan vil eg presentere eit eksempel på ein innovasjon som først og fremst må seiast å vere systeminternt motivert. Eg vil også diskutere kva for type innovasjonar som mest sannsynleg vil førekome i ulike type samfunn. I tillegg til dette vil eg diskutere om den *rolla* ungdom har som språkinnovatørar i språkendringsprosessar, er noko ulik i urbane og rurale strøk.

[33] Delar av dette kapittelet ligg føre som artikkel: "Aldersavgrensing og ungdom som språkendringsagentar" og er publisert i *Målbryting* nr. 5, 2001.

4.1 Livsfaseendring og ungdom som språkendrings-agentar

4.1.1 Synkrone generasjonsstudiar kontra diakrone endringsstudiar

I sosiolingvistiske endringsstudiar er ein, som nemnt i kapittel 3, først og fremst interessert i å avdekkje endringar i frammarsj eller kvantitative endringar, det vil seie korleis ein variant av ein variabel gradvis fortrengjer andre variantar og korleis dermed samansettinga av gamle og nye former i språksamfunnets repertoar endrar seg over tid. Motsett ser historiske lingvistar på allereie avslutta eller gjennomførte endringar, altså kvalitative endringar. Fordelen med å studere endring mens den skjer, er at ein kan få ei djupare innsikt i sjølve endringsprosessen, det vil seie korleis overgangen frå eit stadium til eit anna går føre seg. Problemet er på den andre sida at ein sjølvsagt ikkje kan vere heilt sikker på at dei innovasjonane ein kan observere på eit gitt stadium, vil bli faktiske endringar over tid, og dermed at variasjonen anten mellom aldersgrupper eller mellom ulike måletidspunkt ikkje er utslag av tilfeldige svingingar i åtferd. Eit sosiolingvistisk studium av endring i frammarsj kan i hovudsak gå føre seg på to ulike måtar – anten synkront ved at ein studerer forskjellane mellom ulike aldersgrupper og tolkar desse som uttrykk for endring (såkalla "apparent time"-studiar), eller diakront ved at ein utfører to ulike studiar av eit språksamfunn på to forskjellige tidspunkt, som ein så kan samanlikne (såkalla "real time"-studiar). Labov (1994) diskuterer inngåande forholdet mellom desse to metodiske tilnærmingsmåtane. Eg vil ikkje gjenta denne diskusjonen i si fulle breidde her, men berre referere nokre hovudpunkt.

4.1.1.1 Synkrone generasjonsstudiar

Den mest vanlege metoden for å studere språkleg variasjon og endring i eit språksamfunn, er å sjå på variasjonen mellom grupper av individ. Ein av hovudhypotesane i den klassiske artikkelen til Weinreich, Labov & Herzog (1968:188) er at diakron endring er synkront tilgjengeleg ved at endringane ligg avleira og kan lesast av som synkrone generasjons-forskjellar. Ved å sjå på distribusjonen av lingvistiske variantar på tvers av aldersgrupper meiner ein altså å kunne seie noko om endringar i frammarsj, og dermed også om endring generelt. Denne såkalla "apparent time"-hypotesen, eller hypotesen om synkrone generasjonsstudiar, representerer eit brot og eit oppgjer med strukturalismens overtyding om at lydendringar ikkje kan studerast "in vivo", altså medan dei skjer (jf. Gregersen

1999). Bloomfield sitt syn var t.d. at lydendringar skjer for *sakte* til å kunne observerast (jf. kap. 3, pkt. 3.1). Ei rekkje studiar av lydendringar i frammarsj i engelsktalande byar syner likevel at dette knappast kan vere tilfellet (jf. Labov 1994:44f).

Hypotesen om at diakron endring kan lesast av synkront ved å sjå på generasjonsforskjellar, er basert på ideen om at språkbruken til ei viss aldersgruppe vil vere meir eller mindre *stabil* for individa i denne gruppa etter kvart som dei blir eldre. Denne ideen er på langt nær ukontroversiell og representerer, som vi skal sjå, ei klar utfordring for denne typen studiar. Eit av hovudspørsmåla for synkrone generasjonsstudiar er om observerte forskjellar i språkleg åtferd mellom aldersgrupper eller livsfasar let seg tolke som *faktiske* endringar.

4.1.1.2 Diakrone endringsstudiar

Ei opplagd løysing på dei tolkingsproblema ein står overfor i synkrone generasjonsstudiar, er å supplere med diakrone data. I prinsippet kan ein bruke to moglege tilnærmingsmåtar for å skaffe slike data. Den enklaste metoden er å søkje i litteraturen og samanlikne med tidlegare studiar av det aktuelle språksamfunnet. Eit potensielt problem ved ein slik metode er at t.d. tradisjonelle dialektologiske granskingar av visse språksamfunn eller dialektområde hadde heilt andre siktemål og metodar enn sosiolingvistiske endringsstudiar. Der sosiolingvistikken er oppteken av variasjon, heterogenitet og endring, var dialektologien oppteken av system, homogenitet og stabilitet – for å setje det litt på spissen. Den andre metoden, som er mykje meir avansert og tidkrevjande, er å utføre longitudinelle studiar, t.d. å reise attende til det same språksamfunnet etter ei viss tid og gjenta den same granskinga. Ved å studere det same språksamfunnet på to åtskilde tidspunkt kan ein med større visse avgjere kva for endringar som har skjedd mellom tidspunkta A og B. Slike studiar av endring i verkeleg tid, såkalla "real-time"-studiar eller diakrone endringsstudiar, er dessverre heller sjeldne, noko som sjølvsagt kan forklarast ved at dei er svært tidkrevjande. Longitudinelle studiar av endring kan gjennomførast på ulike måtar. Ein kan anten oppsøkje dei same informantane etter ei viss tid og gjere nye opptak (såkalla "panel"-studiar), eller ein kan oppsøkje ein tilsvarande populasjon i det same området etter ei viss tid (såkalla "trend"-studiar). For at ein "trend"-studie skal kunne gi eit meiningsfullt portrett av den lingvistiske utviklinga i eit språksamfunn, er det essensielt at dette samfunnet ikkje har gjennomgått dramatiske strukturelle endringar i tida mellom dei to granskingstidspunkta.

Ein annan metode for å granske lydendring over tid vart illustrert i ein studie av utviklinga av standard nederlandsk, der ein brukte radioopptak frå perioden 1935-1993 (jf. van de Velde 1996, van de Velde m.fl. 1996). På midten av 1990-talet gjennomførte Eva Sundgren ei storstilt gransking av språkutviklinga i Eskilstuna bymål, der det vart brukt ein kombinasjon av "trend-" og "panel"-metode. Studien byggjer på Bengt Nordberg si gransking av Eskilstuna frå 1967 (jf. Nordberg & Sundgren 1998, Sundgren 1997, 2002). I Noreg er det berre Anders Steinsholt (1972) si gransking av målbryting i Hedrum, som gjer bruk av observasjonar i verkeleg tid. Mest alle sosiolingvistiske endringsstudiar av norske forhold baserer seg på synkrone observasjonar som gjerne blir jamførte med eldre dialektologiske granskingar.

4.1.1.3 Forholdet mellom synkrone og diakrone endringsstudiar

Tolking av diakrone endringsdata, anten frå "panel-" eller "trend"-studiar, krev ein underliggjande modell for korleis individ endrar eller ikkje endrar språket sitt gjennom livet, og korleis ulike språksamfunn endrar eller ikkje endrar seg over tid. Ein kan her sjølvsagt tenkje seg mange moglege kombinasjonar, men dei enklaste kan ifølgje Labov (1994) konkretiserast i fire distinkte mønster (jf. tabell 4.1 nedafor). Dei to første mønstra er relativt uproblematiske: (i) Dersom individets språk held seg stabilt og språksamfunnet heller ikkje endrar seg, er resultatet null variasjon og *stabilitet*. Ein slik stabil, invariant og homogen situasjon er som kjent utgangspunktet for svært mange lingvistiske studiar – der homogenitet blir vurdert som det optimale, medan variasjon blir idealisert bort og forklart som rusk i maskineriet. Dette gjeld ikkje minst innafor den tradisjonelle dialektologien der ein var oppteken av å gi idealiserte språksystematiske skildringar av dialektane. (ii) Dersom individet endrar si språklege åtferd gjennom livet, mens språksamfunnet som heilskap *ikkje* endrar seg, er resultatet livsfaseendring. Det tredje og fjerde mønsteret er ikkje så enkelt: (iii) Generasjonsendring er det sosiolingvistar vanlegvis refererer til som "endring" og som er utgangspunktet for synkrone generasjonsstudiar, det vil seie at individets fonologiske og morfologiske system held seg uendra etter ein viss alder, samtidig som språksamfunnet gjennomgår ei endring fordi nye generasjonar av individ tileignar seg andre fonologiske eller morfologiske variantar enn den eldre generasjonen (jf. pkt. 4.1.1). (iv) Det siste mønsteret går ut på at språksamfunnet endrar seg ved at alle individa i dette språksamfunnet endrar si språklege åtferd eller tileignar seg nye former *samtidig* uavhengig av generasjon eller livsfase. I det følgjande er det først om fremst alternativ (ii) og (iii) som vil bli handsama.

Tabell 4.1 Mønster for endring på individ og samfunnsnivå, +/÷ variasjon (etter Labov 1994:83)

		Individ		Samfunn	
(i)	**Stabilitet**	Stabilt	(÷)	Stabilt	(÷)
(ii)	**Livsfaseendring**	Ustabilt	(+)	Stabilt	(÷)
(iii)	**Generasjonsendring**	Stabilt	(÷)	Ustabilt	(+)
(iv)	**Samfunnsmessig endring**	Ustabilt	(+)	Ustabilt	(+)

4.1.2 Livsfaseendring – alltid eit problem for synkrone generasjons-studiar?


Eit av dei viktigaste metodologiske problema knytt til synkrone generasjonsstudiar, er at ein ikkje kan vere heilt sikker på at dokumenterte forskjellar mellom aldersgrupper representerer "verkeleg" endring over tid. Ulik distribusjon av variantar mellom aldersgrupper treng ikkje å vere ein indikasjon på *verkeleg* endring, men kan vere eit utslag av såkalla livsfaseendringar. Det vil seie språkendringar som er avgrensa til bestemte aldersgrupper eller livsfasar, og som breier seg hos dei individa som er i den aktuelle livsfasen i generasjon etter generasjon. Men som individet altså sluttar å bruke etter ein viss alder eller når det har passert den aktuelle livsfasen. Til ei viss grad kunne ein argumentere for at all sosiolektisk tilpassing til den lingvistiske marknaden, som t.d. tileigning av ulike stilar eller register (yrkessjargong, fagspråk osb.), er aldersavgrensa, sidan dei involverer endringar som kan korrelerast med bestemte livsfasar (jf. Chambers 1995). Det er likevel ikkje dette ein normalt tenkjer på som livsfaseendring. Med livsfaseendringar forstår vi slike endringar som er knytt til særlege utviklingssteg hos individet, og som såleis ikkje utgjer noka "varig" endring i individets språklege repertoar. Eksempel på denne typen språkendringar er typiske "ungdomsspråksfenomen", som neste generasjon ungdomar overtek, men som ikkje får innpass i "vaksenspråket". Ifølgje Jack Chambers (1995) har ein svært få dokumentasjonar på aldersavgrensa endringsfenomen. Det er likevel nærliggjande å tenkje at dette snarare kan tilskrivast mangelen på studiar som fokuserer på dette problemet, enn at det ikkje eksisterer. I ein reanalyse av Henrietta Cedergren sin diakrone "trend"-studie av lydendring i Panama City, syner Labov (1994) at det som blir analysert og tolka som generasjonsendringar, faktisk stemmer betre overeins med livsfaseendringsmodellen. Cedergren utførte først ein synkron generasjonsstudie i perioden 1969-71. Tolv år seinare, i 1983, gjennomførte ho ein ny studie med ein tilsvarande populasjon som første gongen (dvs. ein "trend"-studie). Den einaste variabelen som synte eit klart endringsmønster ved den synkrone generasjonsstudien, var lenisering av

(ch) i ord som *muchacha*, *muchos* osb., som inneber eit skifte frå affrikaten [č] til frikativen [š]. Målet med å dra attende til Panama City og utføre ein "trend"-studie, var å skaffe diakrone bevis som kunne avgjere om lenisering av (ch) faktisk var ei endring i frammarsj eller ikkje. Analysen av det nye materialet stadfesta ifølgje Cedergren at det *var* verkeleg endring på gang. I reanalysen av det same materialet viser likevel Labov at dataa korresponderer betre med livsfaseendringsmodellen enn med generasjonsendrings-modellen, men han finn òg at det er faktisk endring på gang (Labov 1994:97). Konklusjonen til Labov er at vi, i vår iver etter å avgjere om den eine eller den andre modellen er "den rette" for ein gitt prosess, kan ha sett opp ein villeiande motsetnad mellom livsfaseendringar og generasjonsendringar. Det er mogleg at livsfaseendring er involvert i diakrone endringsmekanismar for visse typar av lingvistiske endringar. Dette syner at spørsmålet om livsfaseendring på ingen måte er trivielt, og at det bør takast alvorleg både i synkrone og diakrone endringsstudiar.

4.1.3 Ungdom som språkendringsagentar

Det er brei semje blant forskarar om at barn og unge spelar ei sentral rolle i språkendrings- og dialektnivelleringsprosessar – både som innovatørar og påskyndarar av endring (jf. Eckert 2000, Kerswill 1996a, Chambers 1995, Labov 1994). Ei rekkje studiar av endringar i frammarsj indikerer ifølgje Labov at "adolescents, and pre-adolescents, are the leading edge in the prosess of sound change, and that any study must be sure to include extended recordings of their speech" (Labov op. cit.:47). Ei stor britisk gransking som har sett på språkutviklinga i tre byar i England; Milton Keynes, Reading og Hull, syner at ungdom i alderen 14-18 år er særleg viktige "språkendringsagentar" (jf. Kerswill 1996a, Cheshire m.fl. 1999). Studiar frå USA syner også at ungdom i denne aldersgruppa er dei mest nyskapande språkleg sett (Eckert 1988, 2000, Labov 1966). Eckert (1988, 1989) og Habick (1991) viser at fonologiske endringar i amerikanske byar ("the northern city chain shift") blir fremja av ungdomsgrupper som kan knytast til særskilde livsstilar. Også i tilfelle der nye varietetar blir etablerte og i situasjonar med stor språk- eller dialektkontakt, ser det ut til at ungdom står i spissen for utviklinga, t.d. Milton Keynes, UK, og Sidney, Australia (jf. Kerswill 1996a, Horvarth 1985). Det same gjeld for dialektnivellering og etablering av nye regionale varietetar (jf. t.d. Kotsinas 1997). Det er sjølvsagt ikkje berre språkleg at ungdom er den mest kreative og nyskapande aldersgruppa, men også sosialt og kulturet sett; det er berre å tenkje på livsstil, trendar, klede, musikk osb. Ungdom er også sentrale når det gjeld

formidling og spreiing av nye språkformer – gjennom kompisar og ungdomsgjengar får nye språklege variantar fotfeste og blir overførte til nye grupper av ungdomar. På vegen blir gjerne dei nye formene etablerte som nye *normer* for ungdomsgruppa – først i særlege brukssituasjonar og stilar (t.d. når ungdomen snakkar seg imellom), men med tida kan desse nye språknormene bli spreidde til fleire av medlemmane innafor eit språkleg fellesskap og bli brukte i alle situasjonar. Ulla Brit Kotsinas (1997:128) har foreslått følgjande modell for spreiing:



Figur 4.1 Modell for spreiing av nye former frå "ungdomsspråk" til "standardspråk" (tilpassa etter Kotsinas 1997:128).

Ikkje alle nye ord og vendingar får innpass i vaksenspråket. Ein del trekk blir fødde og døyr i ungdomsgjengen. Sjølv om ungdom kanskje er dei mest innovative og ekspansive lingvistisk sett, kan ein likevel ikkje sjå bort frå at folk i alle aldrar endrar på språket sitt, og at individet kan gjere større eller mindre språklege omstruktureringar gjennom heile livsløpet. Hypotesen om at diakron endring kan lesast av synkront ved å sjå på generasjonsforskjellar er, som nemnt ovafor, basert på ideen om at språkbruken til ei viss

aldersgruppe vil vere meir eller mindre *stabil* for individa i denne gruppa etter kvart som dei blir eldre. Det tyder altså at folk etter seiande ikkje endrar talespråket sitt etter ein viss alder. Dette er sjølvsagt ikkje tilfellet (jf. t.d. Coupland & Nussbaum 1993, Croft 2000). Barn og ungdom er ikkje åleine om å introdusere og spreie innovasjonar. Biletet er meir komplekst. Folk kan utan tvil endre på språket sitt gjennom heile livet, men *kva* ein kan endre, er truleg relatert til alder. Paul Kerswill (1996a:177f) seier til dømes:

> [...] people of all ages can (and do) modify and restructure their language – though exactly *what* they can change is to some extent age-related [...] borrowings are the easiest to acquire, while lexically unpredictable phonological changes are the most difficult. In between are Neogrammarian changes and morphonologically conditioned features. The age of the speaker is critical; only the youngest children acquire the "hardest" features. However, adolescents may be the most influential transmitters of change.

Kva ein kan *endre* når, er knytt til kva ein kan *lære* når. Fleire studiar har vist at enkelte trekk og mønster vanskeleg let seg lære etter ein viss alder. Jack Chambers (1992) sin studie av utflytta kanadiske barn i Storbritannia viste t.d. at barn under 9 år lærte seg å beherske skilje mellom lang og kort /o/, medan barn over 13 år hadde store problem med å lære dette skiljet. Studien til Arvilla Payne (1980) av King of Prussia, ein forstad til Philadelphia, viste at barn som flytta inn i forstaden frå andre dialektområde, hadde store problem med å lære seg det såkalla "Philadelphia short /a/ pattern". Det kom dessutan fram at det ikkje var tilstrekkjeleg å vere fødd i området for å beherske dette mønsteret til fulle, barna måtte òg ha foreldre derifrå (Payne 1980:289).[34] Granskinga hennar synte at det mest avgjerande korrelatet for den språklege tileigninga også av andre fonologiske trekk, er den *alderen* barna hadde då dei flytta til staden. Slik granskingane til Chambers og Payne syner, vil nok ein del trekk vere bortimot umoglege å lære seg etter ein viss alder, medan andre trekk lettare let seg både lære og bytte ut. Det er openbert at folks leksikon er i kontinuerleg endring gjennom heile livet og at ein held fram med å tileigne seg nye sosiale og stilistiske register også i vaksen alder, men det er mindre truleg at vaksne vil vere "the leading edge", for å bruke Labovs ord, når det gjeld fonologiske og morfologiske innovasjonar.

William Croft (2000:55) hevdar at hypotesen om at grammatikken til vaksne språkbrukarar er meir eller mindre stabil, er basert på ei rekkje forventningar om grammatikk, språkinnlæring og innfødde si språkevne som dels er logisk unødvendige og dels empirisk

[34] Det som gjer det særleg vanskeleg å tileigne seg dette trekket, er at det er eit eksempel på ein fonologisk prosess som det ikkje eg mogleg å føreseie leksikalsk. For som Kerswill (2002b:685) seier: "The Philadephia short a-pattern [...] only takes place before certain consonants, and there are lexical exceptions".

tvilsame. Til dømes viser det faktum at vaksne emigrantar gjerne misser både fonologiske og grammatiske ferdigheiter i morsmålet sitt etter mange år i "utlendigheit", at det *kan* skje store omstruktureringar også i vaksne sin grammatikk. Croft har eit poeng her, men sjølv om vaksne språkbrukarar også kan vere "delaktige" i språkendringsprosessar, viser ei rekkje sosiolingvistiske studiar at det likevel er *ungdom* som er mest innovative og ikkje minst mest aktive når det gjeld *spreiinga* av nye former. Det er altså ikkje til å unnslå at unge språkbrukarar utgjer ei særleg viktig informantgruppe når ein er interessert i korleis talemålet på ein plass vil kunne kome til å utvikle seg. Labov (1994) hevdar til og med at eldre språkbrukarar i *liten* grad tek del i dei endringsprosessane som går føre seg i språksamfunnet rundt dei. Det betyr at synkrone generasjonsstudiar kan stå i fare for å underspele den faktiske endringsraten, og at unge språkbrukarar er heilt essensielle som informantar for å oppdage endringar i frammarsj. Samtidig indikerer longitudinelle studiar at det er fleire livsfaseendringar blant unge enn blant eldre språkbrukarar. Det vil seie at ein står overfor det tilsynelatande paradokset at ungdom utgjer ei svært interessant informantgruppe sidan dei er viktige agentar i språkendringsprosessar, men samtidig er det også i denne gruppa at problemet med livsfaseendring er aller størst. Dei to tinga heng sjølvsagt saman. Grunnen til at aldersavgrensa fenomen er meir hyppige i ungdomsgruppa enn i andre aldersgrupper, er jo nettopp at ungdom er mest innovative – og det er også derfor dei er svært interessante som informantar i språkendringsstudiar.

Problemet med livsfaseendring kan slik sett slå ned som ei metodisk "bombe" i mitt prosjekt, sidan eg har valt å konsentrere meg om talemålet til ungdom og sidan det er ein synkront basert studie. Spørsmålet er om dei lydmessige og grammatiske endringane ein kan observere mellom ungdomane på Røros og Tynset og foreldregenerasjonen deira, er *varige* endringar, eller om ungdomane vil gå attende til meir tradisjonelle dialektformer når dei blir vaksne. Finst det nokon veg ut av dette metodologiske dilemmaet? I det følgjande vil eg argumentere for at det gjer det, og at ein nyttig strategi kunne vere å sjå på kva for *type* innovasjon og ikkje minst kva for *type* samfunn ein har med å gjere. Det er klart at dei innovasjonane som endring oppstår av, eller som initierer endring, er av ulike slag og har ulike motivasjonar. Dette er viktig å ta omsyn til når ein diskuterer spørsmålet om livsfaseendring. Etter mi meining er det svært sannsynleg at "faren" for livsfaseendring er langt meir overhengande ved såkalla systeminternt motiverte innovasjonar, enn ved innovasjonar som kan tilskrivast dialektnivellering – det vil seie konvergens mot allereie eksisterande variantar anten i nabodialektar eller i ein eventuell nasjonal standardvarietet.

4.2 Ulike typar innovasjonar og samfunn

4.2.1 Ulike typar innovasjonar

Henning Andersen (1988, 1989) opererer med eit skarpt skilje mellom *innovasjon* og *endring*, og føretrekkjer å snakke om innovasjonar, sidan det tek relativt lang tid før ein innovasjon faktisk blir ei reell språkendring, dersom ho blir ei endring i det heile. Ifølgje Andersen har omgrepet endring vorte ei større belastning enn ein ressurs for lingvistikken. For å kunne skildre dei ulike ledda i diakrone utviklingar på ein god måte, føretrekkjer Andersen å bruke omgrepet innovasjon for å referere til alle element av bruk eller grammatikk som er forskjellig frå tidlegare bruk eller grammatikk. Ved å bruke termen innovasjon blir det ifølgje Andersen mogleg å dele opp kvar diakrone utvikling (dvs. endring) i dei minste, vesentlege komponentane. Kvart steg i ei diakron utvikling er ein innovasjon, og ikkje berre den første initielle innovasjonen som så å seie "gir liv" til ein ny lingvistisk variant (jf. forholdet mellom "actuation" og "transition" kap. 3, pkt. 3.1.1). Det er gjennom eit utal individuelle innovasjonshandlingar som aksept, tileigning, innlæring og bruk, at nye variantar kjem i sirkulasjon, vinn terreng og kjem i konkurranse med tradisjonelle bruksformer innafor eit språkleg fellesskap. Blant dei ulike typane av innovasjonar er det likevel dei *initielle* innovasjonane som viser størst variasjon og som involverer flest ulike motivasjonar (Andersen 1989:14).

Andersen deler dei initielle innovasjonane i tre hovudgrupper som skil seg frå kvarandre ved at dei involverer ulik type motivasjonar: Det er adaptive, evolutive og spontane innovasjonar (jf. tabell 4.2 nedafor). Andersen spesifiserer vidare ulike subtypar av desse tre hovudkategoriane. Eg har berre teke med dei subtypane som er viktige for den vidare diskusjonen her, det er kontaktinnovasjonar og abduktive innovasjonar. For å seie det noko grovt og forenkla, så skil kontaktinnovasjonar og abduktive innovasjonar seg frå kvarandre først og fremst ved å vere respektivt systemeksternt og systeminternt motiverte. Skiljet mellom intern og ekstern er sjølvsagt diskutabelt, og blir her vel å merke berre brukt i høve til initielle innovasjonar (jf. diskusjon i kap. 3, pkt. 3.1.2). Så snart ein innovasjon blir spreidd i eit språksamfunn, blir han sosialt avhengig og dermed eksternt motivert.[35]

[35] Weinreich m.fl. (1968), Andersen (1989), Milroy (1992) og andre argumenterer, som nemnt i kap. 3, pkt. 3.2.1, for at distinksjonen mellom intern og ekstern er falsk, sidan all endring på ein eller annan måte er avhengig av sosiale forhold og dermed eksternt motivert. Spørsmålet er kvifor ein såkalla intern innovasjon fann stad til akkurat den tida og på den staden han gjorde, og ikkje til andre tider eller på andre stader. Etter det eg kan sjå, er denne kritikken absolutt på sin plass når det gjeld diffusjon av innovasjonar, men ikkje når

Tabell 4.2 Typologi over innovasjonar

(i) **Adaptive innovasjonar** Kontaktinnovasjonar	(systemeksternt motiverte – involverer finalitet)
(ii) **Evolutive innovasjonar** Abduktive innovasjonar[36]	(systeminternt motiverte – involverer grader av målrettaheit)
(iii) **Spontane innovasjonar**	(systeminternt motiverte)

For å underbyggje hypotesen om at livsfaseendring representerer eit *mindre* problem når det gjeld dialektnivellering enn ved meir internt motiverte språkendringar, vil eg presentere nokre døme på ulike typar innovasjonar. Det er for det første det eg meiner må vere eksempel på kontaktinnovasjonar, og for det andre det eg meiner må vere eksempel på ein abduktiv innovasjon (jf. type (i) og (ii) i tabellen ovafor). Kontaktinnovasjonane er henta frå mitt eige materiale, og er døme på at nye, innlånte variantar blir brynte mot lokale dialekttrekk. Desse nye variantane kan anten vere lånte inn via andre dialektar eller via standard austnorsk, slik at vi altså anten har med ei horisontal eller ei vertikal dialektnivellering å gjere. Poenget her er at dei nye variantane mest sannsynleg *ikkje* har kome til som følgje av ei intern utvikling i dialekten, men som følgje av kontakt med og lån frå andre (gjerne meir prestisjefylte) varietetar. Dei to variablane er uttalen av *s* framfor *k* og uttalen av lange alveolarar og alveolarsamband. Den lokale varianten av den førstnemnde variabelen er eit svært lokalt avgrensa dialekttrekk, medan den lokale varianten av den andre variabelen har ei mykje vidare geografisk utbreiing. Det andre dømet, som eg meiner må vere eit eksempel på ein abduktiv innovasjon, er ein mykje omtalt innovasjon som er på full fart fram i mange urbane strøk rundt om i landet (mogleg endring i frammarsj), nemleg samanfallet mellom *kje* og *sje*.

---

det gjeld korleis nye variantar oppstår, dvs. initielle innovasjonar. Her finn eg det både nyttig og klargjerande å operere med eit skilje mellom innovasjonar som kan seiast å vere høvesvis eksternt og internt motiverte.

[36] Abduksjon refererer ifølgje Andersen (1973) til den prosessen der ein kjem fram til ein grammatikk via den verbale produksjonen i omgivnadene. Andersen foreslår at konstruksjon, testing og bruk av grammatikkar impliserer dei tre logiske strategiane deduksjon, induksjon og abduksjon. Gitt eit spesifikt resultat, som til dømes at Ibsen er død, og ei lov, at alle menneske er dødelege, kan ein abdusere at Ibsen må ha vore eit menneske – der ein altså sluttar frå ei lov og eit resultat at noko må ha vore tilfellet. Men Ibsen kan også ha vore ein katt ut frå ei lov om at alle kattar er dødelege. Abduksjon er på den måten upåliteleg fordi det er lett å dra slutningar ut frå feil lov. Av same grunn er abduksjon svært viktig fordi det er den einaste av dei tre logiske slutningstypane som kan skape og introdusere nye idear. April McMahon seier: "In terms of grammar construction, the child hears language in her environment, construes it as a result and guesses at the structure of the grammar which produces it, with the help of whatever linguistic laws we assume to be innate; this is abduction" (cf. McMahon 1994:84).

4.2.1.1 Kontaktinnovasjonar – nivellering av forskjellar mellom system (rurale døme)

På Røros blir konsonantsambandet *sk* tradisjonelt uttalt som /ʃk/ både når det står først, midt i og sist i eit ord: *skole* /ʃkuːlə/, *vaske* /vaʃkə/, *faktisk* /faktiʃk/, og også i samansettingar t.d. *røs-katt* /røːʃkatː/ (jf. kap. 6, pkt. 6.1.1). Dette er geografisk sett eit svært avgrensa dialekttrekk. Vi finn det faktisk så å seie berre i rørosdialekten. Folk på Røros og i nabobygdene er generelt *svært* medvitne om dette trekket. Som regel er den "tjukke *s*-en" det aller første både yngre og eldre rørosingar nemner når dei skal skildre dialekten sin, og den blir også markert i skriftlege presentasjonar av dialekten (jf. pkt. 6.1.16). Dette er med andre ord eit svært salient språktrekk, og som vi vil sjå i variabelanalysen, er dette trekket ganske ustabilt blant ungdom på Røros i dag (jf. kap. 8, pkt. 8.1).

I det opphavlege rørosmålet og tynsetmålet vart dei fleste tilfelle av gamalnorsk *ll, ld, lt, nn, rn (>nn), nd, nt, dd* og *tt* palataliserte postvokalisk: *ball* ba[ʎː], *kveld* kve[ʎː], *spesielt* spesie[ʎc], *mann* ma[ɲː], *bjørn* bjø[ɲː], *synd* sy[ɲː], *vinter* vi[ɲc]er, *hadde* ha[ɟː], *hytte* hy[cː]e (jf. kap. 6, pkt. 6.1.2). Etter dei tradisjonelle dialektkarta fanst palatalisering av lange alveolarar innafor eit stort geografisk område i dei midtre og nordlege delane av landet, sjølv om palataliseringa varierer mykje i styrke frå område til område (jf. Skjekkeland 1997:106). Eit felles særtrekk ved palataliseringa er likevel at den er på tilbaketog i det meste av landet (jf. Borg 1971, ulike artiklar i Jahr 1990, Abrahamsen 1995, Bakås 1998). Som vi vil sjå i variabelanalysen, gjeld dette også for Røros og Tynset (jf. kap. 8, pkt. 8.2). Særleg på Røros er dette eit trekk mange nemner når dei blir bedne om å skildre dialekten sin, og som også blir markert i skriftlege presentasjonar av dialekten. Palatalisering av lange alveolarar kan på den måten også seiast å vere eit salient dialekttrekk – i alle fall på Røros (jf. kap. 6, pkt. 6.1.16).

Trass i ulik geografisk utbreiing, er både den postalveolare uttalen av *s* framfor *k* og palatal uttale av alveolarar markerte rurale trekk som blir opplevd som svært avstikkande frå standardnorma. Når desse to lokale dialekttrekka blir nivellerte, er det altså mest sannsynleg *ikkje* fordi det har oppstått nye konkurrerande variantar internt i dialekten, men fordi ein har lånt inn meir prestisjefylte og mindre markerte variantar frå nabodialektar eller frå standard austnorsk. Ein kan sjølvsagt ikkje vere hundre prosent sikker på at alternativa til dei opphavlege variantane faktisk *er* lånte inn frå andre varietetar og dermed kan seiast å vere eksempel på kontaktinnovasjonar, og at dei ikkje har oppstått som følgje

av ei initiell differensiering innom dialektane sjølve. Men det høge medvitet kring desse språktrekka er ein viktig indikasjon på at dei endringane som no går føre seg, har sitt opphav i kontakt med og lån frå andre varietetar, og at det vi er vitne til er påfølgjande horisontale eller vertikale dialektnivelleringsprosessar ("changes from above" i Labov sin terminologi). I variabelanalysen vil eg kome med fleire argument for at dei initielle innovasjonane ved desse variablane er døme på kontaktinnovasjonar, og ikkje internt motiverte innovasjonar (sjå kap. 8, pkt. 8.1 og 8.2). Sidan nivellering av den "tjukke" *s*-en og palatalane inneber ein overgang til meir prestisjefylte og mindre saliente variantar, er det lite truleg at dette er endringar som vil vere avgrensa til bestemte livsfasar. Det er altså lite rimeleg å vente at ungdom på Røros og Tynset skulle kome til å ta opp att bruken av desse dialekttrekka på eit seinare stadium i livet. Dermed er faren for livsfaseendring relativt låg ved endring av desse dialekttrekka.

4.2.1.2 Abduktiv innovasjon – differensiering innom eit system (urbant døme)

I Bergen, Oslo og fleire andre bymål i landet er den dorsopalatale frikativen /ç/ i ferd med å falle saman med den postalveolare frikativen /ʃ/ blant yngre språkbrukarar. Samanfallet mellom dei to fonema fører til samanfall av ein del minimale par:

Kjell [çɛlː]	⇒	[ʃɛlː]	kitt [çitː]	⇒	[ʃitː]
skjell [ʃɛlː]	⇒	[ʃɛlː]	skitt [ʃitː]	⇒	[ʃitː]
kjenne [çɛnːə]	⇒	[ʃɛnːə]	kysse [çysːə]	⇒	[ʃysːə]
skjenne [ʃɛnːə]	⇒	[ʃɛnːə]	skysse [ʃysːə]	⇒	[ʃysːə]
			"han [ʃysːa] henne"		(kyssa eller skyssa?)

Samanfallet mellom /ç/ > /ʃ/ blei først rapportert frå Bergen, men det ser ut til å har dukka opp meir eller mindre samtidig i Oslo, Stavanger og Trondheim. Samanfallet kan på den måten seiast å vere døme på ein innovasjon som oppstår meir eller mindre uavhengig i ulike område. Samanfallet kan mest sannsynleg *ikkje* forståast som lån frå andre varietetar, men representerer eit tilfelle av ei språkintern initiell differensiering. Det verkar her rimeleg å tilskrive språkinnlæring ei viktig rolle. Den dorsopalatale frikativen /ç/ er blant dei siste fonema barn lærer og som mange barn har problem med å få til. Det er derfor rimeleg å gå ut frå at samanfallet er ein *abduktiv* innovasjon som først oppstår i barns språkinnlæringsprosess, og som igjen er basert på heterogen bruk og uklare normer. Tidlegare sende ein gjerne barn til logoped for å rette opp det som vart sett på som ein talefeil. Dette skjer vel knappast no lenger, men framleis ser nok folk flest på dette som ein

talefeil eller som barnespråk. Det vil ikkje vere å overdrive å seie at dette er blant dei språkendringane folk er aller mest opptekne av i det norske språksamfunnet i dag. Det er kanskje til og med *den* enkeltståande språkendringa som får aller størst merksemd.

Ut frå dei granskingane som er gjorde av fenomenet, ser det ut til at dette er ein innovasjon som fell betre saman med livsfaseendringsmodellen enn med generasjons-endringsmodellen (jf. t.d. Dalbakken 1996, 1997, Papazian 1994). Granskingar frå Bergen, Oslo og Trondheim viser at dei fleste ungdomar *kan* produsere *kje*-lyden, men at dei av ein eller anna grunn ikkje vil (jf. Dalbakken 1997). Dette kan tyde på at samanfallet har fått funksjon som markør av gruppeidentitet (jf. spreiingsmodellen til Kotsinas i fig. 4.1 ovafor). Dalbakken (1997) trekkjer dessutan fram at *sje*-uttale for *kje* er ein fullt ut akseptert uttale i mange ungdomsmiljø og at innovasjonen etter kvart såleis har fått innpass i større ungdomsnettverk. Presset for å halde oppe standardnorma er likevel ganske kraftig i dei fleste vaksenmiljø, noko som tyder at mange ungdomar vil kunne tenkjast å "reinstallere" *kje*-lyden etter kvart som dei blir eldre, og altså uttale begge fonema. Samtidig ser det ut til å vere ein aukande tendens til at ungdom rett og slett ikkje oppfattar forskjellen mellom dei to fonema, og slett ikkje er i stand til å produsere han. Ein aukande del av såkalla vaksen ungdom ser dessutan ut til å halde på samanfallet. Dette indikerer at det er ei endring i frammarsj og at *sje*-uttale av *kje* rett og slett er i ferd med å etablere seg som den nye norma i stadig større grupper. Men dette blir det opp til framtidig forsking å finne ut av.

I dette tilfellet er det rimeleg å konkludere med at livsfaseendring er ein vesentleg og naturleg del av endringsprosessen – og dermed samstemme med Labov (1994). Han hevdar nemleg at livsfaseendring kan vere involvert i diakrone endringsmekanismar for einskilde typar av lingvistiske endringar, dvs. at visse livsfaseendringar kan vere ein intergret del av generasjonsendringsprosessen (jf. pkt. 4.2).

For å summere opp så langt, så har vi sett at det er høgt sosialt medvit kring alle dei tre døma, både dei to rurale og det urbane eksempelet, men der *kje/sje*-samanfallet blir assosiert med ungdomskultur, latskap, slurv, barnespråk osb., blir dei to kontaktendringane assosierte med majoritetskultur, standardnormer, normalitet og til ei viss grad "korrekt" språkbruk. Samanfallet mellom *kje* og *sje* er døme på *diffusjon* av eit nytt fenomen, medan dei to førstnemnde endringane er døme på *nivellering* av tradisjonelle dialekttrekk. På eit meir generelt nivå kan ein kanskje seie at faren for livsfaseendring er større ved diffusjon av nye variantar enn ved nivellering av tradisjonelle variantar.

4.2.2 Sentrale og perifere område

Den distinksjonen Andersen (1988, 1989) gjer mellom adaptive og evolutive innovasjonar, kan ein igjen sjå i samanheng med distinksjonen mellom sentrum og periferi – og forskjellar i tileigning, diffusjon og spreiing i ulike sosiodemografiske omgivnader. Observasjonen at sentrale og perifere område gjerne utviklar seg ulikt, er ein av dei mest varige innsiktene innafor den historisk dialektologien. Ei mogleg forklaring på denne kontrasten kan vere at ulike sosialpsykologiske krefter er med på å forme språk i tid og rom (jf. tabell 4.3 nedafor). Det er for det første ei *sentrifugal kraft* – som verkar favoriserande på nivellering av forskjellar mellom ulike dialekt- og språkområde, og for det andre ei *sentripetal kraft* – som er gunstig for utviklinga av lokale særdrag innafor eit område (jf. Andersen 1988:39). Andersen (op. cit.) kallar språksamfunn som er karakteriserte ved sentrifugale krefter, for *eksosentriske* samfunn, og dei som er karakteriserte ved sentripetale krefter, for *endosentriske* samfunn. Medan urbane område oftast kan seiast å vere endosentriske, er perifere område ofte eksosentriske.

Tabell 4.3 Sosialpsykologiske krefter som er med på å forme språk i tid og rom

Sentrifugale krefter	
	• favoriserer nivellering av forskjellar mellom ulike dialekt-/språkområde • eksosentriske språksamfunn (primært perifere/rurale område) • ungdomen snakkar *meir* standardnært enn eldre generasjonar (dialektnivellering)
Sentripetale krefter	
	• er gunstig for utvikling av lokale språkspesialitetar • endosentriske språksamfunn (primært sentrale/urbane strøk) • ungdomen snakkar *mindre* standardnært enn eldre generasjonar

Andersen skil også mellom det han kallar for opne og lukka språksamfunn (jf. tabell 4.4 nedafor). Opne språksamfunn tillet gjerne stor grad av variabilitet og står dermed gjerne fram som relativt heterogene språkleg sett. Lukka språksamfunn er derimot meir restriktive med omsyn til variasjon, og er dermed også språkleg meir homogene.


Tabell 4.4 Opne og lukka språksamfunn

Opne samfunn	tillet monaleg variabilitet – er dermed meir heterogene
Lukka samfunn	er restriktive med omsyn til variabilitet – er dermed meir homogene

Dei ulike kombinasjonane av eksogene/endogene og opne/lukka samfunn kan konkretiserast i fire ulike mønster: (i) endogene opne samfunn (ii) endogene lukka samfunn (iii) eksogene opne samfunn, (iv) eksogene lukka samfunn. (i) Det første mønsteret er kanskje det som først og fremst karakteriserer urbane bysamfunn. Det er gjerne her nye trendar blir skapte og her nye trendar utanfrå først blir introduserte. Urbane bymiljø er store nok til at nye språkspesialitetar får utvikle seg, får fotfeste og blir spreidde til andre geografiske område. Konformitetspresset er gjerne relativt lavt i opne bysamfunn, noko som gir seg utslag i stor toleranse i høve til variabilitet og dermed stor aksept i høve til nyskapingar. (ii) Det andre mønsteret er karakteristisk for område med relativt liten kontakt med omverda – vere seg bygd eller by. I slike isolerte område vil det gjerne kunne utvikle seg særlege språklege trekk som er særmerkjande for den aktuelle plassen, men desse vil neppe spreie seg til andre geografiske område, sidan kontakten med omverda er marginal. Denne typen samfunn er også lite opne for påverknad utanfrå sidan dei står fram som relativt proteksjonistiske og restriktive i høve til variasjon. Truleg er det nok heller få samfunn av denne typen att i vår vestlege, industrialiserte og globaliserte verd. (iii) Det tredje mønsteret er typisk for område med stor kontakt med omverda – urbane eller rurale – og som gjerne tek opp i seg endringar utanfrå. Dei endringane som førekjem i slike område, er helst henta utanfrå, og er i liten grad utvikla innafor det eigne språksamfunnet. Dette mønsteret er gjerne mest karakteristisk for rurale område som ikkje er spesielt proteksjonistiske – eller sagt på ein annan måte: som ikkje er spesielt opptekne av å hegne om det særeigne, men som er opne for å ta opp innovasjonar utanfrå. Slike samfunn er også gjerne liberale i høve til variasjon og tillet dermed at ein hentar inn alternative uttrykksmåtar (dvs. dialektnivellering). På sikt kan likevel desse alternative variantane heilt fortrengje dei tradisjonelle, og dermed redusere den intrasystemiske variasjonen. (iv) Det fjerde mønsteret skildrar eit samfunn som både favoriserer nivellering av forskjellar, samtidig som det er restriktivt i høve til variabilitet. Dette er tilsynelatande to ulike krefter, men ein kan godt tenkje seg at eit samfunn som er utsett for sentrifugale krefter, prøver å motverke desse gjennom å hegne om sitt eige.

Det er sjølvsagt viktig i denne samanhengen å understreke at parhestane eksogen/ engdogen og opne/lukka skildrar endepunkt på ein skala snarare enn absolutte binære opposisjonar. Eit samfunn kan vere meir eller mindre ope eller lukka, og meir eller mindre eksogent eller endogent. For å kunne plassere eit gitt samfunn i høve til dei ulike mønstra, lyt ein ta utgangspunkt i og vurdere ulike samfunnshistoriske, demografiske og sosiologiske forhold. Folkeflyttingar, grad av kontakt med andre område via handel og

vandel, næringsgrunnlag og samfunnsstruktur er målbare forhold som må med i vurderinga. Skjematisk kan dei ulike mønstra framstillast som i figuren nedafor.



Figur 4.2 Modell over ulike samfunnstypar

Ut frå det som er sagt ovafor, er det openbert at dei systeminternt motiverte innovasjonane som utviklar seg til å bli ekspansive innovasjonar, må kome frå endosentriske område – altså frå sentrale strøk, i praksis frå byar – og spreier seg deretter til andre sentrale strøk. For å seie det litt skjematisk så er det berre dei systeminterne innovasjonane som oppstår i endosentriske område, som har kraft nok til å bli kodifiserte som nye normer – først for unge språkbrukarar og visse stilnivå, men med tida eventuelt for alle språk-brukarar og alle stilnivå.

I perifere og opne språksamfunn finn ein derimot gjerne eksternt motiverte kontakt-innovasjonar, og ikkje internt motiverte abduktive innovasjonar. Det vil seie at språkutviklinga i perifere strøk først og fremst er karakterisert ved konvergens mot allereie eksisterande variantar – det vil seie variantar som anten opptrer i nabodialektar eller i ein nasjonal standardvarietet.

Dei to lokalsamfunna eg ser på her, Røros og Tynset, let seg begge best skildre som eksosentriske perifere område med relativt opne dialektar, det vil seie dialektar som tillet ein god del variasjon. Dialekten på Tynset er nok likevel meir open enn rørosdialekten,

eller har i alle fall vore det.[37] No er det kanskje i ferd med å jamne seg ut. Dette kan moglegvis kaste lys over det forholdet at tynsetdialekten både har ein annan endringsrate og ei anna endringshastigheit enn rørosdialekten. Både graden av variabilitet og haldningane til denne variabiliteten er truleg meir "gunstige" på Tynset enn på Røros, der ein nok har vore meir restriktive og puristiske på vegner av rørosdialekten (meir på line med eksogene *lukka* samfunn, jf. kap. 8, pkt. 8.16 og kap. 11). Dette betyr at dei endringane ein kan observere på Røros og Tynset, i hovudsak er kontaktinnovasjonar som går i retning av geografisk meir utbreidde trekk og/eller sosialt meir aksepterte trekk. Det må igjen bety at det sosiale presset for å oppretthalde dei lokale dialekttrekka er langt *svakare* enn presset for å oppretthalde standardnorma og ikkje tillate abduktive innovasjonar som t.d. samanfallet mellom *kje* og *sje*.

Alt dette peikar mot eit hovudpoeng, nemleg at den *rolla* ungdom spelar i språk-endringsprosessen som innovatørar og formidlarar, er ganske ulik i endosentriske urbane strøk og i eksosentriske perifere strøk. Medan ungdom i perifere strøk gjennomgåande snakkar *meir* standardnært enn foreldra og besteforeldra (pga. dialektnivellering), så snakkar ungdom i byane *mindre* standardnært enn føregåande generasjonar. Ungdom i byane plukkar opp trekk som går *mot* den etablerte standardnorma og utfordrar på den måten den konservative standarden. Med tida kan likevel dei nye trekka som ungdomen introduserer, bli aksepterte som standard (standardnorma er sjølvsagt også i utvikling, jf. differensieringa i ein radikal og ein konservativ standard, kap. 3, pkt. 3.2.3.1). Så om hundre år er det kanskje *kjole* [ʃuːlə], *kjøtt* [ʃøːt], *kino* [ʃiːnu] som er standardnorma.

Det er interessant å merke seg at *kje/sje*-samanfallet korkje har nådd Røros eller Tynset. Det kunne ein kanskje ha venta, særleg på Røros, sidan den postalveolare frikativen /ʃ/ er eit så frekvent trekk i den tradisjonell rørosdialekten, men det ser ikkje ut til å skje. I staden forsvinn /ʃk/ til fordel for /sk/ (jf. kap. 8, pkt. 8.1.1). Så medan ungdom på Røros konvergerer mot eit meir standardisert talemål når dei byrjar å seie /faktisk/ i staden for /faktiʃk/, divergerer osloungdom eller byungdom frå standarden når dei sluttar å skilje mellom *kje* og *sje*.[38] Dette viser at spreiingsmodellen til Kotsinas 1997 (jf. fig. 4.1,

[37] Dette heng saman med at tynsetsamfunnet opplevde ei massiv tilflytting og omstrukturering på slutten av 1800-talet i samband med etableringa av rørosbanen (jf. kap. 2, pkt. 2.2). Betre kommunikasjonsmuligheiter opna tynsetsamfunnet mot omverda, og tynsetingane vart tvungne til å omstille seg til nytida raskare enn innbyggjarane i nabobygdene (jf. Bakås 1998).

[38] I Oslo blir samanfallet mellom /ç/ og /ʃ/ vurdert mest positivt og er mest hyppig i bruk blant austkant-ungdom. Vestkantungdom har også samanfallet, men det er ikkje på langt nær så utbreidd eller akseptert

pkt. 4.3), passar fint for enkelte typar innovasjonar og for ungdom i sentrale strøk, men ikkje nødvendigvis for ungdom i perifere strøk. Ungdom i byane utfordrar standardspråket og er med på å endre det, medan ungdom på bygda på sett og vis gjer det stikk motsette. Dei utfordrar ikkje standardspråket og er ikkje med på å påverke eller endre det, men konvergerer i staden mot standardspråket. Det kan likevel godt hende at bygdeungdom ikkje nødvendigvis konvergerer mot den konservative standarden, men heller mot ein radikal variant av standardtalemålet slik tilfellet t.d. viser seg å vere i Danmark og delvis også i Storbritannia (jf. Kristiansen 2003b, Pedersen 2003, Britain 2002 og utviklinga av "Estuary English"[39]). Viss dette er tilfellet, kan ein seie at bygdeungdom er med på å forsterke og underbyggje dei endringane som går føre seg internt i standardtalemålet.

I dei skandinaviske landa kan ein observere ei utvikling der språktrekk som tradisjonelt har hatt lav status, spreier seg på kostnad av trekk som tradisjonelt har hatt høg status, både i byane og i kringliggjande område. Såkalla lavstatustrekk ser ut til å bli re-allokerte av ungdomen, frå typisk "arbeidarklassetrekk" til "moderne urbane trekk". Det vil seie at desse trekka ikkje nødvendigvis primært indekserer lav sosialklasse lenger, men heller urbanitet og ein moderne og "hipp" livsstil. Unge menneske føretrekkjer tydelegvis "urban" framfor "soss". Dette støttar ideen om at ei differensiering av standardtermen i ein tradisjonell (høg sosialklasse), konservativ standard og ein meir radikal standard, er på sin plass (jf. kap. 3, pkt. 3.2.3.1). Inge Lise Pedersen (2003) skriv at det som skjer i Danmark i dag, betre let seg skildre som ei urbanisering eller metropolisering av dialektane, og ikkje berre som ei standardisering. Ho seier vidare:

> There was a close relationship between Copenhagen speech and the spoken standard, but it used to be High Copenhagen, that was considered worthy of imitation. Now Low Copenhagen speech, or at least certain features of Low Copenhagen speech, have been included in young people's perception of what

---

blant desse ungdomane (jf. Aanerud 2000). Likevel spreier samanfallet seg. Dette stiller spørsmål ved den distinksjonen Labov gjer mellom endringar "ovafrå" og endringar "nedafrå" (jf. kap. 3, pkt. 3.1.1). Ifølgje Labov er endringar "ovafrå" medvitne kontaktlån som blir introduserte av den dominerande sosiale klassa, medan endringar "nedafrå" er umedvitne språkinterne endringar som først opptrer i "the vernacular". Først når endringsprosessen nærmar seg slutten, blir medlemmane i språksamfunnet medvitne om dei (jf. Labov 1994:78f). Denne prestisjemodellen tek ikkje høgde for innovasjonar som blir introduserte, føretrekte og diffuserte via dei lågare sosiale klassene, men som folk samtidig er svært medvitne om. Samanfallet mellom /ç/ and /ʃ/ er på ingen måte fullstendig utbreidd, den innovative gruppa er ungdomar frå lavstatusområde både i Oslo og dei andre byane, men det er samtidig ei av dei språkendringane folk flest er aller mest opptekne av i dagens norske språksamfunn.

[39] "Estuary English" er eksempel på ein slik ekspansiv, "urban" variant av hovudstadsmålet. Fenomenet "Estuary English" har vore gjenstand for massiv diskusjon i britiske media, og har også si eiga heimeside: http://www.phon.ucl.ac.uk/home/estuary/home.htm (2002), som blir driven av John Wells ved University College London. Forskarar ser ikkje ut til å vere heilt samde om korleis ein skal definere eller avgrense termen, men det ser i alle fall ut til å vere ein viss konsensus om at det er ein betydningsfull varietet som kan lokaliserast ein stad mellom RP-standard engelsk og cockney (Londons arbeidarklassedialekt). Relevansen i denne samanhengen er at det er ein urbant basert varietet som ser ut til å spreie seg frå londonområdet.

> standard Danish is. In attitudinal studies traditional High Copenhagen Standard speakers are perceived as more "intelligent," "ambitious," "attractive," and "reliable" than other speakers, whereas Low Copenhagen speakers are the most positively evaluated as "self-confident," "interesting," "straight-forward," and "efficient" by young people. [...] The older standard is perceived as more sedat. The younger standard connotes dynamism and efficiency. These are central notions in late modern society, not least in the media. Since media personalities are role models to many young people, the dynamic and efficient language tends to be the more attractive to adopt. (Pedersen 2003:25f).

Dansk by- og bygdeungdom er tydeligvis meir opptekne av å vere urbane, enn av å signalisere tilhørsle til ei viss sosioøkonomisk klasse. Det er mykje truleg at det same er tilfellet i Noreg. Også norsk by- og bygdeungdom føretrekkjer truleg "urban" framfor "soss", og konvergerer dermed mot det ein kan kalle for den radikale eller urbane standarden. Om dette også er tilfelle for ungdom på Røros og Tynset gjenstår å sjå, men den såkalla urbane varianten av standardtalemålet ligg gjerne nærare ungdomane sitt opphavlege talemål enn den konservative standarden, så på den måten vil det ikkje vere urimeleg å vente seg ei slik utvikling også her.

4.2.3 Samanfatting

Ut frå det som er sagt ovafor, er det klart at det ikkje er tilstrekkeleg å sjå på kva for innovasjon det er snakk om, men ein lyt òg vurdere kva slags samfunn ein har med å gjere og kor stort sosialt medvit det er rundt aktuelle innovasjonar. Det er slett ikkje utenkjeleg at *type samfunn* faktisk er meir viktig enn typen innovasjon – men på den andre sida heng jo, som eg har vist, dei ulike faktorane nøye saman. Dei tre faktorane, type innovasjon, type samfunn og sosialt medvitsnivå, er interagerande faktorar som alle bør takast med i vurderinga (jf. tabell 4.5 nedafor). [40]

Tabell 4.5 Interagerande faktorar

Type innovasjon	kontaktintroduserte eller evolutive
Type samfunn	perifert eller sentralt
	eksosentrisk eller endosentrisk
	ope eller lukka
Sosialt medvitsnivå	over eller under

[40] Ei av innvendingane som kan rettast mot hypotesen om at livsfaseendring ikkje representerer eit så stort metodisk problem når det gjeld kontaktinnovasjonar som ved andre typar innovasjonar, er at den er basert på eit noko forenkla syn på prestisje og norm. Grovt sett går dette synet ut på at konvergens mot nye normer ved kontaktinnovasjon er motivert ut frå det relative prestisjeforholdet, slik at ein konvergerer mot dei normene som relativt sett blir tilskrivne høgast prestisje. Det er sjølvsagt nødvendig med ei meir differensiert forståing av dei ulike solidaritetsbanda og prestisjehierarkia som kan verke som motiverande faktorar. Det er også nødvendig med vidare testing og forbetring av hypotesen.

Røros og Tynset let seg, som nemnt ovafor, begge best skildre som eksosentriske perifere område med relativt opne dialektar, det vil seie dialektar som tillet ein god del variasjon. Når det gjeld dei lokale dialekttrekka som er i ferd med å forsvinne i desse to områda i dag, så er det nok relativt lite sannsynleg at ungdomen kjem til å børste støv av dei og ta dei i bruk etter kvart som dei blir eldre. Dette heng også saman med kva som let seg lære på eit seinare tidspunkt i livet. Ein del trekk vil nok vere bortimot umogleg å tileigne seg, dersom ein ikkje allereie "har det inne" frå barndomen av. Dersom ungdomane ikkje har lært seg å palatalisere lange alveolarar, er det nok lite sannsynleg at dei vil *vere i stand* til enn seie *ønske* å installere dette trekket i repertoaret sitt som vaksne. Det same gjeld også for Røros *s*-en. Det kan ein mellom anna sjå ved at folk som ikkje har postalveolar uttale av *s* framfor *k* som eit gjennomført og produktivt trekk, har ein tendens til å hyperkorrigere – slik at t.d. Røros bli Røro/ʃ/. Ein del andre trekk (leksikalske og morfoleksikalske trekk, og kanskje også morfologiske trekk) vil det nok vere enklare å lære seg, men *mangelen på motivasjon* for å gjere det er nok like stor på desse andre lingvistiske nivåa. Og nettopp mangelen på motivasjon og vilje er nok truleg viktigare enn sjølve evna. Likevel er det nok fornuftig å avgrense hypotesen om korrelasjon mellom innovasjon og livsfaseendring til å gjelde først og fremst *fonologiske* og *morfofonologiske* kontaktinnovasjonar. Det er nok også rimeleg å avgrense hypotesen til å gjelde *dialektkontakt* og ikkje *språkkontakt* (lån frå t.d. engelsk i norsk vil kunne følgje eit anna spreiingsmønster).

Regional dialektnivellering består som nemnt i at lokale dialekttrekk blir bytt ut med trekk som har ei breiare regional eller nasjonal utbreiing, og som på den måten har støtte i store og gjerne også dominerande delar av befolkninga (jf. kap. 3, pkt. 3.2.2). Det vil seie at dei lokale trekka blir skifta ut med trekk som mest sannsynleg har relativt sett høgare prestisjeverdi enn dei lokale trekka, fordi det er eit vertikalt makt- og statusforhold mellom det lokale på den eine sida og det regionale/nasjonale på den andre. Dermed er det nok lite truleg at dialektnivelleringa er ein reversibel prosess, og at ungdomane som gruppe vil gå attende til meir lokale og tradisjonelle former. Det kan sjølvsagt tenkjast at enkelte ungdomar vil kunne velje slik dersom det haldningsmessige grunnlaget er til stades, men den generelle tendensen vil neppe gå den vegen. Eit utdrag frå eit av intervjua mine illustrerer dette poenget ytterlegare (jf. også kap. 10, pkt. 10.1.2.1):

> Unn: ja synes du den er fin dialekten din da? [er du fornøgd] med den?
> Bjørn: [(LATTER)] ja skal vel ikke klaga men = kunne vel ha hatt litt mer rørospreg over den men det = det er vel litt sent å legge over att nå da
> (...)

Unn: [[ja]] [mm] [[mm]] mm men er det noken situasjonar du = kunne tenke deg at at du kanskje ville ha prøvd å snakke meir sånn som i Oslo eller snakke [litt mindre utprega rørosing?]
Bjørn: [nei =e=] det hadde vært morsomt å snakka litt mer rørosing sjølsagt men [[=]] men =e= viss je anstrenge meg litt så går vel det bra og men [ ] det er ikke så veldig mye om å gjørra det

Det som mellom anna er interessant med dette utdraget, er at Bjørn held fram med å insistere på at det hadde vore fint å snakke meir rørosdialekt, sjølv når han blir spurt om det er situasjonar der han skulle ønske at han snakka *mindre* rørosdialekt. Dette harmonerer med den dominerande norske dialektideologien, som fortel oss at dialekt er ein positiv verdi som ein lyt ta vare på. Bjørn har tydelegvis internalisert dette synet, men samtidig innrømmer han at det ikkje er så veldig viktig for han, og dessutan er det vel for seint. Denne resignasjonen fungerer på sett og vis som ei slags unnskyldning og forklaring på kvifor han ikkje er villig til å "snakke meir tradisjonelt". Han får det til å høyrest ut som at det ikkje har noko med eige val å gjere – og truleg kjennest det ikkje slik heller. Mange føler nok at løpet er køyrt og uttrykkjer seg temmeleg pessimistisk og deterministisk på dialektens vegner. Dei fleste ser ut til å meine at det er veldig synd at dialekten endrar seg, men at det ikkje er nokon verdens ting dei kan gjere med det. Bjørn går på yrkesfagleg studieretning og har mange kompisar som snakkar mykje "breiare" enn det han sjølv gjer, men sjølv om Bjørn er svært positivt innstilt til sin eigen dialekt, så er det lite som tyder på at han kjem til å "legge over att", som han uttrykkjer det (meir om dette i kap. 10, pkt. 10.1.3.1).

Svaret på det spørsmålet som blir stilt innleiingsvis i dette kapittelet, om livsfase-endring alltid er eit potensielt problem i synkrone generasjonsstudiar, er kanskje i prinsippet "ja", men eg meiner å ha vist at der er vektige grunnar til å tru at livsfaseendring er eit klart *mindre* metodologisk problem når det gjeld språkeksternt motiverte endringar enn ved språkinternt motiverte endringar. Endringar som har sitt utgangspunkt i kontakt, lån og dialektnivellering inneber som regel ein konvergens mot meir prestisjefylte normer og blir dermed ikkje utsette for så sterke sanksjonar som det internt motiverte innovasjonar som fjernar seg frå standarden gjerne blir.